



Det er JUL hos Gros Blomster!

At det er travelt hos Gros Blomster no i førjulstida, er lett å forstå. Det er vel knapt noko som pyntar så vakkert opp til jul som fine juleblomar. I tillegg har Gros Blomster mykje anna fin pynt til julehøgtida. I butikken ved Julagrano osar det av julestemning både ute og inne. Dei tre dugande blomsterdekoratørane har hektiske dagar!

Då eg treff på Gro Hjelmeland og Mary Ann Teigen i fullt arbeid i butikken, fortel dei at dei har julehelsinger i alle prisklassar. Julebutikken er no fylt opp med juleplanter, koselege samanplanteringar, dekorasjonar og mykje anna. Dei 3 blommedekoratørane produserer no for fullt, og dermed kjem det stadig nye 'kunstverk' i butikken.

Dersom vi ønskjer det, ordnar dei også med å få sendt blomar heim på døra til folk. Dei seier også at i og med det er så travelt, kan det vera lurt å vera ute i god tid. Dei tar også mot telefonbestillingar på tlf 53 47 11 00. For å kunna vera betre tilgjengelege no i juleinnspurten, vert det utvida opningstider frå i morgon og fram til jul.

- torsdag/fredag/lørdag: kl.9 -18.
- søndag: kl.14 -18.
- mandag/tirsdag/onsdag: kl.9 - 18.
- torsdag(julaftan): kl. 9 - 12.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland